



MELAND KOMMUNE
v/Rådmann
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Informasjon om årleg rapportering på bruk av tilskotsmidlar til utleigebustader

Vi viser til forskrift for tilskot til utleigebustader § 12 – rapportering og kontroll. Der står det:

«Kommunen skal hvert år rapportere til Husbanken om hvordan bustadene er blitt brukt. Husbanken vil foreta stikkprøver for å kontrollere at tilskotsmottakere har brukt tilskotet som føresett i vedtaket.»

Det er tid for den årlege rapporteringa til Husbanken på kva dei tildelte tilskotsmidlane til utleigebustader blir brukt til.

Kva må de gjere?

Kommunen skal rapportere på eigne bustader, og på bustader eigd av private aktørar der kommunen har tildelingsrett/tildelingsavtale.

Det viktigaste med rapporteringa er å melde frå om avvik. Dersom nokon av desse forholda har oppstått, ber vi dykk orientere oss kva for bustader dette gjeld:

- **Bustader er selde.**
- **Det bur ikkje vanskelegstilte i bustadene.**
- **Tildelingsavtalen med ein privat aktør er brote.**

De må fylle ut tabellen og person med fullmakt må underskrive brevet. Brevet kan returnerast elektronisk til post@husbanken.no.

Ved å underskrive og returnere brevet bekreftar de at dei andre bustadane nyttast i samsvar med føremålet med tilskotsordninga.

Frist for å returnere brevet er **15.oktober 2019**.

Eventuelle spørsmål kan rettast til: Kari Kamberg Rinna, navn@husbanken.no, tlf. 55 30 66 53

Vennleg helsing
HUSBANKEN

Kari Kamberg Rinna
Rådgiver

Saksnummer	Prosjektnamn/adresse	Beskriving av avvik	Beskriving av årsak

Ved å underskrive og returnere brevet bekreftar de at dei andre bustadene nyttast i samsvar med føremålet med tilskotsordninga.

Stad/dato

(Underskrift og stempel)

(Stillingstittel)

(namn i blokkbokstaver)